



ÅRSMELDING

LESJA

KYRKJELEGE

RÅD

2024

Lesja kyrkjelege råd:

01.01. – 31.12.2024:

Faste medlemmar:

Jorunn Einbu Teigen (leiar)
Aasmund Kolstad (nestleiar)
Pål Rindal
Aadel Skotte
Hilde Lislien
Anne-Grete Dalum Tordhol

Varamedlemmar:

Eldrid Botheim Mittigård
Sølvi Johansen
Ann Karin Thøring
Stein Inge BJORLI

Kommunal representant:

Bengt Olov Flagestad

Erling Lyftingsmo

Biskopens representant:

Magnus Halle

Birgitte Bentzrød

Lesja kyrkjelege råd har hatt 4 møter, og har behandla 29 saker.

I tillegg har det vore ei synfaring, på kyrkjegardane, i samband med planlegging av minnelundar.

Kyrkjeverje er med på møta som sekretær.

Lesja kyrkjelege administrasjonsutval (partsamansett utval):

For denne valperioden er det gjort vedtak om at det er leiar og nestleiar i rådet som skal vera med i utvalet, og så for 2024 var følgjande med:

Jorunn Einbu Teigen (som leiar i 2024)	frå kyrkjeleg råd
Aasmund Kolstad (som nestleiar)	frå kyrkjeleg råd
Pål Rindal (for heile perioden)	frå kyrkjeleg råd
Steinar Skotte	frå dei tilsette

Partsamansett utval fungerer og som forhandlingsutval.

Kyrkjeverje er fast sekretær i forhandlingsutval og partsamansett utval.

Partsamansett/Forhandlingsutvalet har ikkje hatt møte.

Gudsteneste- og trusopplæringsutval:

Gudsteneste- og trusopplæringsutvalet skal arbeide for eit breitt og mangfaldig tilbod av gudstenester og arrangement i kyrkjene. Utvalet skal og ha fokus på at fleire medlemmar skal ynskje å nytte dette tilbodet.

Utvalet har ansvar for opplæring av dei døypte i den kristne tru. Målgruppa for trusopplæringa er kyrkja sine medlemmar i aldersgruppa 0-18 år.

Medlemmar i utvalet:

Jorunn Einbu Teigen
Siv Hole Joramo
Torunn Stenrud Nilsen

Organist
Sokneprest

Diakoniutvalet:

Anne-Grete Dalum Tordhol
Ole Romslo Traasdahl
Sølvi Johansen

Kyrkje- og kyrkjegardsutval:

Kyrkje- og kyrkjegardsutvalet skal bidra til at kyrkjene og kyrkjegardane er i slik stand som vi til ei kvar tid ynskjer at dei skal vera, og slik kyrkjelov og regelverk krev.

Utvalet utfører sine oppgåver, på vegne av Lesja kyrkjelege råd, og i samarbeid med kyrkjetenarane. Medlemmane i utvalet skal representere kvar si kyrkje/kyrkjgard.



Medlemmar i utvalet:

Stein Inge Bjorli
Oddbjørn Torsgård
Pål Rindal

(frå rådet)

Lesjaskog kyrkje/kyrkjegard
Lesjaverk kyrkje/kyrkjegard
Lesja kyrkje/kyrkjegard

Arrangementsutval:

Arrangementsutvalet skal bidra til å gjennomføre kyrkjelege tilstellingar som Lesja kyrkjelege råd foreslår.

Utvalet er ei ressursgruppe som og kan foreslå arrangement for rådet, og skal samarbeide med organist om konsertar og andre kulturarrangement.

Medlemmar i utvalet:

Aasmund Kolstad (frå rådet)
Aadel Skotte (frå rådet)
Hilde Lislien (frå rådet)

Ann Karin Thøring
Per Gunnar Stavem
Eldrid Botheim Mittigård

Tilsette

Organist:	Solfrid Kvamestøl Grønbeck	100% stilling (fødselspermisjon jan.- feb. 2024)
Kyrkjetenarar:	Ola Nørstebø Steinar Skotte Jørn Sæther	80% stilling på Lesja 80% stilling på Lesjaskog/Lesjaverk Tilkallingsvikar
Kyrkjeverje:	Torunn Elisabeth Skotte Stavheim	100% stilling
Prest:	Magnus Halle	100% stilling i Lesja (ikkje tilsett i Lesja kyrkjelege råd)

Kari Irene Lien, Paul Gunnar Lien og Jørgen Brandli har vore vikarorganistar. Stor takk til alle!

Kyrkjene/kyrkjegardane:



Dugnadane på kyrkjegardane vart gjennomført i mai, med ganske bra fram møte alle stader. Takk til alle som stiller opp og tek eit tak på dugnadane!

Det står framleis att litt beising på Lesjaverk kyrkje, men dette skal kyrkjetenarane ordne så snart det blir vår.


Det er installert nye ljuskjelder framme i koret i Lesjaskog kyrkje, og på portstolpane ved Lesjaverk kyrkje.

Vatnet i Lesjaskog kyrkje har hatt lett for å fryse vinterstid, men i sommar vart dette ordna opp i.

Alle tre kyrkjene vart termografert i haust, og avvika er tetta.

Kyrkjeholen er flittig brukt som turområde og nokre har hatt jamlege samlingar med hesteskokasting.

Gudbrandsdalsmusea har att nokre stolpar til skilt/fotografi, som vi har fått tilbod om å overta, men desse er ikkje sett opp enda.





Lesjaverk kyrkje 60 år

Jubileet vart markert i samband med gudstenesta den 11. august. Aasmund Kolstad fortalde kyrkja si historie, og etterpå var det kyrjekaffe på Lesjaverk gard.

Takk til Mari og Anders på Lesjaverk gard, som tok i mot kaffegjestane!

Sjong

Kapellet på Sjong var ikkje brukt til anna enn ei gudsteneste denne sommaren.

Sjølv om det ikkje var nokon vigsel på Sjong i år, vart det likevel gjennomført to vigslar på Dalsida. Desse var utandørs ved Jore og på Nysetra.

Takk til Gunnel Anderson og Jon Olav Løkken som held eit auge med kapellet gjennom året.



Kyrkjestugu

Lesja kyrkjelege råd stod for den daglege drifta av Kyrkjestugu fram til Lesjaskog grendeutval overtok huset den 1. oktober.

Vevstugu var leigetakar i 2. etg.

Kyrkjestugu har vore utleigd til private samvær og selskap, og vi har brukt det til konfirmantsamlingar, trusopplæringssamlingar og konfirmantjubilium.

Det er inngått avtale med grendeutvalet om bruk av toalett i samband med gudstenester og kyrkjelege

handlingar, og bruk av huset til trusopplæringssamlingar og konfirmantjubilium.

Stell av graver

Kyrkjetenarane plantar og steller på dei gravene som har stell-avtaler. Det er ca 120 graver med stell-avtaler.

I tillegg er det stell av krigsgraver på Lesjaverk og Lesjaskog. Til dette arbeidet kjem det tilskott frå departementet. Den 11. november blir det sett ned kors med valmuar på krigsgravene.




Konsertar

I juli vart det halde to orgelkonsertar; Per Anders Håvelsrud på Lesja og Kari Irene



Lien på Lesjaskog. Bra frammøte på baa konsertane. Etter konserten på Lesjaskog, var det kaffeservering i Kyrkjestugu. Lesjaskog sangkor hadde palmesøndagskonsert i Lesjaverk kyrkje, og julekonsert med i Lesja kyrkje. Barnekoret hadde gjort ein vri i år, og deltok på gudsteneste i Lesjaskog kyrkje 1. søndag i advent, i staden for sin tradisjonelle adventskonsert i Lesja kyrkje. Etter gudstenesta hadde dei ein minikonsert og kyrjekaffe på Kyrkjestugu.



Gudbrandsdal musikkfestival hadde i år lagt ein av konsertane sine til Lesja kyrkje. Her deltok barnekoret, Solfrid Kvarmestøl Grønbeck, Martin Steinum Brun, Ingeborg Gillebo m.fl.

Marie Skavnes, Elisabeth og Øyvind Selnes hadde konsert i Lesjaskog kyrkje i desember.

Økonomi



I Lov om tros- og livssynssamfunn, §14 står det om finansiering av Den norske kyrkja.

Staten gir tilskudd til prestetjenesten og kirkens virksomhet nasjonalt og regionalt.

Kommunen gir tilskudd til kirkens virksomhet lokalt, herunder tilskudd til bygging, vedlikehold og drift av kirkebygg. Tilskuddet skal sikre at kirkebyggene holdes i forsvarlig stand, slik at de kan benyttes til gudstjenester og kirkelige handlinger. Tilskuddet skal også sikre at soknet har tilfredsstillende bemanning ved gudstjenester og kirkelige handlinger, herunder kirketjener, klokker og organist/kantor ved hver kirke, og tilstrekkelig administrativ hjelp. Kommunens tilskudd gis etter budsjettforslag fra soknet. I budsjettforslaget skal også tilskudd til kirkelig undervisning, diakoni og kirkemusikk inngå. Etter avtale med soknet kan kommunen yte tjenester i stedet for å gi tilskudd etter andre ledd.

Direkte driftstilskott frå Lesja kommune var kr 2.930.000,-.

Fellesrådet har tenestavtale med kommunen tilsvarande kr 219.000. Dette er husleige, føring av rekneskap, lønsarbeid, datautstyr, papir, porto, kontortelefon, graving, brøyting til og ved kyrkjene og bistand ved større restaureringsarbeid.

Frå og med 2010 har Lesja motteke trusopplæringsmidlar (sjå under trusopplæring). Lesja har ikkje tilsett nokon fast trusopplærar. Delar av organist- og kyrkjevergestillinga er finansiert av trusopplæringsmidlane, men alle tilsette deltek i arbeidet.

Driftstilskottet frå Lesja kommune stod uendra i mange år, men for 2023 fekk vi kompensasjon for lønnsauke, på lik line med avdelingane i kommunen. For 2024 fekk vi i utgangspunktet auke tilsvarande lønns- og prisauka, men fekk i tillegg framforhandla ei auke på kr 150 000,- pga. strøm-, pensjons- og forsikringsauke.

Driftstilskottet dekkjer det mest nødvendige, og for andre uforutsette utgifter og innkjøp, må det løyvast frå disposisjonsfondet.

Festeavgift:

Festeavgifta er for tida kr 150,- pr år grav pr. år (vedteke i kommunestyret i 2019).
Innbetalt festeavgift i 2024: kr 254 250,-

Rekneskapsresultat:

Rekneskapet for 2024 syner eit mindreforbruk på kr 489 025,24
Momskompensasjon utgjorde kr 110 632,-

Lønnsutgiftene aukar, men pensjonskostnadane har ikkje vore så høge i 2024 som året før. Strømutgiftene har heller ikkje vore så høge som året før. Lesja kommune har inngått avtale med Eidefoss om fastpris på delar av strømforkbruket, og fekk avtale om at dette og skulle gjelde kyrkjebygga.

Vi held drifta på eit svært nøkternt nivå, og det har resultert i at vi har greidd å få eit mindreforbruk.

Kyrkjebladet

Kyrkjebladet har eit opplag på 1100 eksemplar. Ca 850 går til innbygds og omlag 170 blir sendt til utanbygdsbuande.



I 2024 vart det innbetalt kr 85 300,- i pengegaver til kyrkjebladet. Dette er ei auke på kr 12 000 frå året før.

Trykkeutgiftene har auka ein del i løpet av året, men Kyrkjebladet hadde likevel eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 11 551,10

Rådsmedlemmar og tilsette har står for distribusjon av samtlege blad i 2024. Takk for innsatsen!

Blad til utanbygdsbuande blir adressert, frankert og sendt med Posten.

Vi får layout-hjelp frå Snøhetta forlag, og bladet blir trykt på Dale-Gudbrand trykkeri. Vi vil rette ein ekstra takk til Ole Martin Sørungård (Snøhetta forlag) for arbeidet han gjer med Kyrkjebladet!

Konfirmantarbeid



Dette året var det 11 konfirmantar på Lesja sokn og 3 på Lesjaskog. Dei fylgde tradisjonelt konfirmantopplegg, med Tussheimtur, skyting, kyrkjegardsvandring, ljosomesse, gamal møter ung og andre lokale samlingar.

Konfirmantane deltok på HEKTA-leir på Lillehammer. Det var positive attendemeldingar frå ungdommar og vaksne som deltok på leiren. Takk til Eli Håkenstad og Arild Gravseth som stilte som frivilljuge på leiren!

Nettoutgift til konfirmantundervisninga var på kr 26 763,72



Trusopplæring:

Trusopplæringsreformen inneber at det er kyrkja sjølv som skal gjeva tilbod om trusopplæring til alle døypte i aldersgruppa 0 – 18 år. Tilboda skal supplere dei meir tradisjonelle formene for trusopplæring.

Til gjennomføring av trusopplæringsreforma bli vi tilført midlar, ca kr 850,- pr. år pr. døypt barn i aldersgruppa 0 – 18 år (trusopplæringsmidlar pr. medlem + utjamningsmidlar)

Totalt kr 251 940,-

Trusopplæringstiltak som er gjennomført i 2024:

- Dåpssamtale og dåp
- Ingvill Tøndevoldshagen, Anne Marie Lien Sønstebo og Ragnhild Steine Espeseth broderer dåpsklutar til alle som blir døypt. Aagot Sørungård Botheim syr serviettane.
- Solfrid har hatt 10 samlingar med babysong etter at ho kom att frå permisjon. Samlingane var i helsestasjon sine lokal på Lesja helsehus.
- Utdeling av boka "Tre i eit tre" til 6-åringar.
- Utdeling av biblar til 5.klassinger.
- Tårnagentsamling i Lesjaverk kyrkje, med 6 agentar.
- Sangsamlingar: 7 stk på Blåsenborg, 7 stk med Lesjaskog barnehage og 10 stk med Lesja barnehage. Paul Gunnar Lien hadde sangsamlingar fram til Solfrid kom att frå permisjon.



Samlingane med Lesjaskog barnehage var på Eldres senter og i kyrkja, og samlingane med Lesja barnehage var i barnehagen eller i Storstugu på helsehuset.

- Utdeling av "Mi eiga kyrkjebok" til 4-åringar. Ungane fekk tilbod om å vera med på ei samling før gudstenesta, der dei bl.a. laga kvar sin sau. På Lesjaskog var det som vanleg i lag med barnehagen, på Kyrkjestugu, og på Lesja var samlinga i eit samarbeid med Husflidslaget, i Husflidkjellaren.
- Lesja barnehage og Lesjaskog barnehage hadde gudstenester før jul, og med påfølgjande juletreffest på Tunstugu og Kyrkjestugu. Takk til Torbjørg Bakken som tok ansvar for koking av kakao mm. Kyrkjestugu. På Tunstugu var det Torunn Skotte Stavheim som ordna.
- Både Lesja og Lesjaskog skule hadde gudsteneste før jul.

Kyrkjekaffe:

Etter kvar gudsteneste (med unntak av juleftan, 17. mai, konfirmasjon, allehelgen og langfredag), har det vore enkel kyrkjekaffe i våpenhuset/kyrkja, med kaffe, saft og twist. Kaffen gjev oss anledning til å stane opp litt og slå av ein prat – visst vi ynskjer det. Ein kopp kaffe i våpenhuset, eller kyrkja, er med på å understreke fellesskapet i menigheita. Kanskje kan vi gjenskape noko av den gamle kyrkjebakkefunksjonen? Oppslutting og attendemeldingar viser at folk set pris på dette.

I samband med hausttakkefesten, inviterte Lesja bygdekvinnelag og venneforeininga til kyrkjekaffe på Tunstugu.

Menighetsmøte:

Menighetsmøtet vart halde på Kyrkjestugu, onsdag 10. april 2024
24 stk deltok.



Andre arrangement:

- Andakter: Det har vore totalt 36 andakter i løpet av året, fordelt på Lesja helsehus og Eldres Senter.
- Det har vore salmekvelder på forskjellige stader gjennom året.
- Skumring: Måndag 25. mars inviterte vi til ei litt annleis stund i Lesjaskog kyrkje. Med berre levande ljøs som ljøskjelde i eit litt kaldt kyrkjerom, las Alfred Gustavsen Zilcken bibeltekst, på dansk, frå den gamle altarboka frå 1688, Knut og Ole Aastad Bråten spela langeleik, og Magnus Halle innleia det heile. Det vart ei fin stund i kyrkja for dei 53 personane som kom.
- Den 8. mai var kyrkja v/Magnus Halle representert ved nedlegging av krans ved minnesteinane på Lesjaskog.
- Av jord er du kome: På seinsommaren vart det arrangert ei vandring på Lesja kyrkjegard, der dei frammøtte fekk tenkje høgt og spørje om praktiske forhold knytt til gravferd, gravstell mm. Vi starta med ei orientering om lovar, reglar og lokale



skikkar/tradisjonar, og etterpå gjekk vi ut på kyrkjegarden. Det vart og ei orientering om arbeidet med minnelundar på kyrkjegardane.



- Konfirmantjubleum på Kyrkjestugu og Tunstugu. Litt skiftande frammøte frå kull til kull, men positive attendemeldingar frå dei som møter fram. Som vanleg var det suppe m/brød, kaffe og marsipankake.
- Hausttakkefest: Lesja bygdekvinnelag var med og arrangemerte hausttakkefest i samband med gudsteneste i Lesja kyrkje den 29. september. Dei hadde med fine trau som viste fram mykje av markens grøde. Dei stilte og med tekstlesar. Etter gudstenesta inviterte dei, i samarbeid med venneforeninga, til kyrkjekaffe på Tunstugu. Ofringa i kyrkje, og inntekt frå årsal på Tunstugu gjekk til den lutherske kyrkja i Marijampole.
- "Ein smak av Lesja": Diakoniutvalet inviterte "nye og gamle" lesjinger til Kafe'n, der det vart servert mat frå mange ulike land, og forskjellige lag og foreiningar i Lesja fekk presentert seg og fortald kva dei driv med. Stor takk til alle som bidrog med mat, og Kafe'n, Frivillighetsentralen og andre aktørar som var med i planlegging og gjennomføring.



Litt statistikk:

Kyrkjelege handlingar:	2024	2023
Døypte	16	18
Konfirmerte	14	18
Vigslar	7	11
Gravferder	22	16
Innmeldt	0	1
Utmeldt	6	1
Ofringar:		
Totalt innkome ved ofring	121 003	103 021
Offergåver til eige arbeid	25 825	25 688
Offergåver vidaresendt til andre	95 178	77 333
Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon	16 201	30 649
Gudstenester	61	59
Tal på deltakarar	3 839	3705

Kort oppsummert vart 2024 eit godt år for kyrkja i Lesja. Talet på gudstenestedeltakarar auka, til tross for færre konfirmantar, færre dåpsborn og litt færre enn i fjor (totalt) på julekveldsgudstenestene.

Til slutt ei helsing til alle tilsette, folkevalde, samarbeidspartnarar og friviljuge:

Takk for det store og gode arbeidet de har lagt ned i 2024!

Lesja, den 10. februar 2025
for Lesja kyrkjelege råd

Jorunn Einbu Teigen
Leiar

Torunn Elisabeth Skotte Stavheim
Kyrkjeverje